



Arvid Johannesen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1176 - 17/33548

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

27.11.2017

Svar - Vedk parkering i Alvermarka

Vegavdelinga i Lindås kommune har dessverre hatt litt kapasitetsproblem på driftsavdelinga dei siste vekene og andre tiltak har fått prioritet. Det er bakgrunnen for at «parkeringslomma» ikkje vart fjerna innan utgangen av veke 46.

«Lomma» er å sjå på som eit ulovleg tiltak. Gruslegging langs offentleg veg, i dette tilfellet også inn på kommunal grunn, har vore utført ulovleg og utan vedtak/løyve frå Lindås kommune. I tillegg er det sett opp støtte i tre for å halde grusen på plass. Dette er ikkje i samsvar med forskriftene og kanten kan lett rase ut som resultat av gjentatt passering/parkering med tyngre køyretøy. Ei missforståing i samband med asfalteringa no i haust, førte til at det ved ei feiltagelse vart lagt asfalt her.

Tilbakemeldinga frå Rådmannen er klar. Parkeringslomma er ulovleg tilrettelagt og skal fjernast. Dette sjølv om hensikten med «lomma» er å hindre parkering langs den kommunale vegen.

Fjerninga vil difor bli utført innan kort tid, då driftsavdelinga sin kapasitet no har vorte betra.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Astrid Aarhus Byrknes
Hogne Haugsdal

Mottakarar:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Mottakarar:
Arvid Johannesen